



Handicare AS
v/ Lars Billet
1599 MOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3773 - 14/17749

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
17.11.2014

Godkjenning - søknad om løyve til oppføring av innvendig løfteplattform

Administrativt vedtak. Saknr: 330/2014

Saksutgreiing

Omsøkt tiltak:

Det vert vist til søknad m/ vedlegg motteke 15.9.2014 om løyve til oppføring av innvendig løfteplattform i eksisterande bustad på gbnr. 22/220 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 bokstav f. Det vert vidare vist til telefonsamtale med Handicare AS (SØK) av 13. dm.

Søknaden vert vurdert som komplett og klar for handsaming, jf. pbl. §§ 21-2 og 21-7.

Planstatus:

Gbnr. 22/220 er i Reguleringsplan for Mjåtveitmarka avsett til byggjeområde for frittliggjande småhusbusetnad, jf. arealplanID 125620060002. Det omsøkte tiltaket er i samsvar med dette planformålet.

Nabovarsling:

Tiltaket vert fritatt frå nabovarsling, jf. pbl. § 21-3 andre ledd.

Vurdering

Utforming, utsjånad og plassering i byggverk:

Det omsøkte tilbygget skal plasserast og utformast som vist på vedlagte situasjonsplan og illustrasjonsfoto m/ tilhøyrande opplysningar motteke 15.9.2014. Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar gjeldande krav til utforming, funksjon og utsjånad i pbl. §§ 29-1 – 29-3. Tiltaket vert og elles vurdert til å vere i samsvar med dei krav til tiltaket som vert stilt i eller i medhald av Plan- og bygningsloven.

Ansvarsrettar:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med heimel i pbl. § 23-3 vert ansvarsrettar godkjent som omsøkt, jf. §§ 23-4 (SØK), 23-5 (PRO) og 23-6 (UTF):

Føretak	Godkjenningssområde for funksjon og ansvar
Handicare AS Org.nr. 965 395 830 Sentral godkjenning	SØK/PRO/UTF heile tiltaket (tkl. 1)

For søkjarfunksjonen vert det for god ordens skuld vist til pbl. § 23-4:

«Ansvarlig søker er tiltakshavers representant overfor kommunen, og har ansvar for at søknaden inneholder nødvendige opplysninger for at kommunen skal kunne ta stilling til om tiltaket er i samsvar med bestemmelser og tillatelser gitt i eller i medhold av denne lov.

Ansvarlig søker skal samordne de ansvarlige prosjekterende, utførende og kontrollerende, og påse at alle oppgaver er belagt med ansvar.

Ansvarlig søker har ansvar for at tiltaket avsluttes ved innsending av nødvendige opplysninger for kommunens utstedelse av ferdigattest.»

Vedtak

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 bokstav f løyve til oppføring av innvendig løfteplattform i eksisterande bustad på gbnr. 22/220 i samsvar ved søknad m/ vedlegg motteke 15.9.2014.

Utforming, utsjånad og innvendig plassering av tiltaket skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan med tilhøyrande illustrasjon motteke 15.9.2014. Tiltaket skal utførast i samsvar med krav stilt i eller i medhald av Plan- og bygningsloven.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf. pbl. §§ 23-3 – 23-6 og vurderinga over.

Opplysningar om byggverket som kjem fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Gebyr for sakshandsaming

Gebyr for kommunen si handsaming vert ettersendt til tiltakshavar i samsvar med Plan- og bygningsloven § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste for 2014, pkt. 10.2.6.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan og tilleggsopplysningar

Kopi til:

Knut Sund

5918

FREKHAUG